




22 MAI 1996

FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

MØRE OG ROMSDAL



ÅRSMELDING

1995

Fiskerirettleiaren i Herøy
 Boks 105
 6090 FOSNAVÅG

tlf. 70.08.99.08
 fax 70.08.97.33

ÅRSMELDING 1995.

Innhold:

Forord	side 2
Kart over kommunen	side 3
1.1. Nemnder og styrer for perioda 1992-1995	side 4
a. Herøy Fiskerinemnd (1992-95)	side 4
b. Fiskarbankens Takstnemnd (1992-95)	side 4
c. Herøy Hamnestyre (1992-95)	side 5
1.2. Nemnder og styrer for perioda 1996-1999	side 6
a. Herøy Fiskerinemnd (1996-99)	side 6
b. Fiskarbankens Takstnemnd (1996-99)	side 6
c. Herøy Hamnestyre (1996-99)	side 7
2.0. Innleiing og samandrag	side 8
3.0. Sysselsetting i næringa	side 10
3.1. Fiskarmanntalet/antal fiskarar	side 10
3.2. Sysselsetting i fiskeindustrien, redskapsindustrien og i oppdrettsnæringa	side 11
3.3. Anna sysselsetting	side 12
4.0. Fiskeflåta	side 12
4.1. Merkeregisteret	side 12
4.2. Flåtesamansettning - konsesjonar/spesielle løyve	side 14
4.3. Fiskeriaktivitet	side 14
5.0. Fiskeindustrien	side 15
6.0. Råstoffssituasjonen - kvantum, fangstverdi, leveranse	side 15
7.0. Oppdrettsnæringa	side 18
8.0. Service overfor fiskerinæringa	side 18

3288/b 3035

FORORD.

Herøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden. I sør mot Sande kommune.

Herøy er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya, og dei store øyane Skorpa, Nerlandsøya, Runde, Remøy, Leinøy, Bergsøy og Flåvær.

Kommuna har totalt 540 øyar, holmar og skjær, og ei flatevidde på 130 kvadratkilometer.

Ved årsskiftet 1995/96 hadde kommunen eit folketal på 8.260. 6 av dei 8 større øyane er no knytte saman med bruver som gjer det lettvinnt for folk å kome seg til kommunesenteret i Fosnavåg der kommuneadministrasjonen ligg.

Rettleiarkontoret ligg i Fosnavåg. Kontorlokala vart i løpet av sommaren 1995 ombygd og oppussa. Vi har i dag 2 kontor, møterom og eit mindre arkivrom. Fiskerinemnda har sine møter på kontoret. Kontoret er rimelig bra utstyrt kontorteknisk.

Av hensyn til, og for bedre kontakt med brukarane, hadde det vore teneleg med eit meir sentralt plassert kontor liggjande mot hamneområdet. Dette vil verte vurdert seinare.

I meldingsåret har Svein-Arne Leine vore tilsett som fiskerirettleiar. Johnny S. Kvalsund har vore tilsett som kontorfullmektig utan stillingsheimel. Stillinga har vore delt finansiert gjennom Fiskeridirektoratet, Arbeidskontoret og Herøy kommune som har stått som arbeidsgivar.

Frå september 1995 vart fiskerirettleiarkontoret for Sande, Vanylven og Volda samlokalisert med kontoret i Herøy. Inge Remøy har vore tilsett i 50% stilling som fiskerirettleiar for desse kommunane, og disponerer 1 kontor.

Fiskerinemnda hadde i løpet av meldingsåret 3 fiskerinemndsmøter. I tillegg vart det avholdt 13 minimøter. Sakene herfrå er seinare framlagde for nemnda for godkjenning. Totalt vart det handsama og protokolført 42 saker, samt 81 referatsaker.


Ved kontoret vart det i meldingsåret journalført 781 utgåande skriv. Kontoret har hatt ein god kontakt med kommunen og dei ulike etatane.

I ei sovidt stor fiskerikommune har rettleiarkontoret ein viktig funksjon i samband med service og forvaltning overfor heile fiskerinæringa i kommunen.

Besøk og kontakt ved kontoret gjenspeglar dette.

Fosnavåg, den 10. mai 1996

Svein-Arne Leine
fiskerirettleiar



1.1. NEMNDER OG STYRER FOR PERIODA 1992 - 1995.

a. HERØY FISKERINEMND: (1992-95)

Medlemer:

Krf:

Arnt Leinebø (leiar)

Pers. varamedlemer:

1. Åse Alnes Kvalsvik
2. Randi Ervik Berge
3. Målfrid Båtsvik
4. Janne Remøy Endresen

Ap:

Reidar Hole (nestleiar)

1. Svein Rune Smådal
2. Harald Hansen
3. Jonfred Kvalsvik
4. Hjørdis Sævik

Sp:

Hans Sande

1. Herdis Nerland
2. Hans Petter Leine
3. Liv Norunn Remøy
4. Kjartan Berge

V/SV:

Stig Remøy

1. Odd Magne Skotnes
2. Bård Remøy
3. Margrethe Kvalsvik
4. Jan Skorpen

H/Frp./Herøylista:

Knut Arne Høyvik

1. Harald Sævik
2. Sissel Frøystad
3. Ingolf Sævik
4. Einar Storøy

b. FISKARBANKENS TAKSTNEMND: (1992-95)

Medlemer:

Arnt Leinebø (leiar)
Anfinn Molsumyr
Odd Sævik (motorkyndig)

Varamedlemer:

1. Stig Remøy
2. Einar Storøy
3. Knut Sævik
4. Magne Nærø
5. Alf Nerland

c. HERØY HAMNESTYRE: (1992-95)Medlemer:SV/V:

Øystein Ø. Goksøyr (leiар)

Varamedlemer:

1. Rolf Sivertsen
2. Jostein Kvalsvik
3. Gudbjørg Dale
4. Terje Lindal

H/Frp./Herøylista:

Magne Sævik (nestleiar)

Marit Skogen

Paul Reite

1. Jan Magne Kvalsvik
2. Einar Storøy
3. Otto Myklebust
4. Hilde Nærø
5. Rigmor Voldnes
6. Knut Tandberg

Ap:

Jonfred Kvalsvik

Bodil Notøy

1. Harald Hansen
2. Runar Stave
3. Leif Lervik
4. Inge "Nærø
5. Lars Harald Moltustøl

Krf:

Knut Sævik

Paul Harald Leinebø

1. Åse Alnes Kvalsvik
2. Arne Jøsok
3. Paul R. Kvalsund
4. Arnvid Tarberg
5. Hilda Pareliusson

Sp:

Palmar Kleppe

1. Oddbjørg Remøy
2. Ragnvald Vågsholm
3. Hans Sande
4. Alf Nerland

1.2. NEMNDER OG STYRER FOR PERIODA 1996 - 1999.

a. HERØY FISKERINEMND: (1996-99)

Medlemer:

Sp/Herøylista:

Harald Sævik (leiar)

Varamedlemer:

1. Herdis Nerland
2. Palmar Kleppe
3. Martha Torvik

Ap:

Knut Arne Høyvik (nestleiar)

1. Reidar Hole
2. Svein Rune Smådal
3. Evelyn Nykrem

V/SV:

Norunn Leinebø Remøy

1. Stig Remøy
2. Bård Remøy
3. Randi Erdal

Krf:

Paul Harald Leinebø

1. Anton Leine
2. Åse Alnes Kvalsvik
3. Bård Kopperstad

H/Frp:

Signe Sævik Monsen

1. Kåre A. Sævik
2. Gisle Hjelmeseth
3. Berit Skjelsvik

b. FISKARBANKENS TAKSTNEMND: (1996-99)

Medlemer:

Harald Sævik (leiar)
Harald Hansen (nestleiar)
Knut T. Teige

Varamedlemer:

1. Hans Sande
2. Jostein Nygård
3. Knut Sævik
4. Kåre Sævik

c. HERØY HAMNESTYRE: (1996-99)

Medlemer:

Øystein Ø. Goksøy (leiar)

Magne Sævik (nestleiar)
Karly Teige

Arne Jøsok

Svein Rune Smådal
Bodil Notøy

Hans Sande

Varamedlemer:

1. Bjørn Ove Endresen
2. Odd Rudolfsen
3. Solveig Håheim
4. Randi Erdal

1. Paul Reite
2. Marit Skogen
3. Daniel Iglesund
4. Hilde Nærø
5. Oddhild Dypvik

1. Torill Nærø
2. Bård Kopperstad
3. Åse Alnes Kvalsvik

1. Ole Zahl
2. Andor Vike
3. Ingrid Nordal
4. Hjørdis Sævik

1. Jan Magne Kvalsvik
2. Arnhild Abrahamsen
3. Oddbjørg Remøy

2.0. INNLEIING OG SAMANDRAG:

Nivået på dei ulike delar av fiskerinæringa i kommunen, gjer at Herøy kommune totalt sett kan seiast å vere den største fiskerikommuna i Norge.

På dei fleste områder framstår fiskerinæringa i Herøy blant dei aller største. Ein kan her nemne: Antal aktive fiskarar, antal aktive fiskefartøy og særleg større fartøy, oppfiska kvantum, islandbrakt kvantum og førstehandsverdi.

Ser ein dette i ein total norsk fiskerisamanheng, og ikkje minst i forhold til storleiken på kommunen, kjem Herøy i ei særstilling som landets største og mest fiskeriavhengige kommune.

Antal aktive fiskarar har gjennom ei lang rekke år helde seg høgt. Etter innskjerpning av kriteria for å stå på blad B i fiskarmanntalet i 1994, har antal fiskarar vist ein svak nedgang. Frå 1994 til 1995 er nedgangen på 12 B-fiskarar. Rekrutteringa til fiskaryrket har halde seg stabilt på heile 90-talet med ca 40-50 nyinnmeldingar til fiskarmanntalet kvart år. Eit stort antal personar som tidlegare var fiskarar er no tilsette i andre maritime næringar som kystvakt, supply og skipsfart. Blant desse er svært mange rekruttert frå og nær tilknytta fiskerinæringa.

Desse ulike sjøretta næringane utfyller kvarandre og har ei betydeleg utveksling av personell. Dette medverkar til ei allsidig maritim miljø-og kompetanseoppbygging. Dette må ein seie er grunnlaget for Herøy sin unike og sterke posisjon i fiskerisamanheng.

29 av fartøya var ved ved årsskiftet over 35 m. Ingen andre kommunar i landet kan vise til så mange større fartøy. Desse utgjer nesten 1/3 av fartøya over 35 m berre i Møre og Romsdal.

Det er for tida stor aktivitet blant herøyredarane om utskifting og fornying av havfiskeflåta. Pr dato er det gitt utskiftningsløyve til 8 nye havfiskefartøy, der 2 førebels er under bygging. Også innan kystflåten er det for tida interesse for fornying.

Førstehandsverdien frå flåta i Herøy kom i 1995 opp i over 550 mill kr. Dette er det høgste nokon sinne, og er ca 15% større enn i 1994. Herøyflåta fiska i 1995 meir enn 325.000 tonn. Av dette var ca 35% levert i heimkommuna. Herøybåtane stod for vel 21% av samla fangstverdi og vel 43% av samla kvantum når ein ser heile flåta i Møre og Romsdal under eitt. Mottaket av fisk i kommunen var på ca 184.000 tonn til ein førstehandsverdi på meir enn 420 mill kr. Dette representerer ca 27% av alt råstoff som vart landa i fylket. I det heile var det ein sterk vekst innan fiskeindustrien i meldingsåret.

Oppdrettsnæringa innan lakseproduksjon har arbeidd tungt ein del år. Nokre av konsesjonane har slete tungt etter nyleg rehabilitering.

Stolt Seafarm sitt kveiteanlegg på Mjølsteinneset er no inne i sterk ekspansjon, og ein ventar etter kvart gode resultat.

Servicemulighetene for flåta og industrien både på redskap-og utstyrssida er relativt godt utbygd i kommunen. Fleire større og mindre regnskap-og administrasjonskontor utfører viktige rederifunksjonar for flåta.

Med utgangspunkt i fiskarmanntalet og innhenta data frå ulike fiskeritilknytta verksemder i kommunen, kan ein setje opp ei slik sysselsetjing for 1995:

-fiskarar blad A og B:	626
-fiskeindustrien (årsverk)	309
-reiskapsindustrien (årsverk)	90
-oppdrett (årsverk)	<u>22</u>
Sum:	<u>1.047</u>

Bak årsverka i landindustrien står det mange deltidstilsette, og då i hovedsak kvinner. Fiskarane har ofte eit timetal bak kvart fiskarårsverk som langt overstig eit normalårsverk i industrien. Dette gjer at antal årsverk i fiskeria ikkje reelt avspeglar antal fiskarar.

Innan andre serviceverksemder som er nær knytta til og avleda frå fiskerinæringa, er det ei heil rekke årsverk som klart kan seiast å vere heilt avhengig av fiskerinæringa.

I kommunen vert det no arbeida aktivt for rekruttering og fagutdanning av personell retta inn på næringa både på sjø-og landsida. Dette ser ein på som svært viktig med omsyn til vidareutvikling av næringa for framtida.

3.0. SYSSELSETTING I NÆRINGA.

3.1. Fiskarmanntalet/antall fiskarar:

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle dei som bur i Norge og som har fiske og fangst som yrke.

Manntalet står sentralt når det gjeld rettar eller spørsmål om sosiale stønadsordningar for fiskarane. Manntalet er "billetten" fiskarane må ha for å kunne ta del i m.a. tilskot, kvotar, sjukeløn, A-trygd, garantilott og liknande. Frå og med 1994 er det krav om at premien til pensjonstrygda for fiskarar, eller anna godkjend pensjonsordning, er betalt for å kunne stå på blad B i fiskarmanntalet.

Fiskarane vert registrert på 2 ulike "blad" i manntalet. På blad B fører ein dei som ein reknar med vil få minst 20 veker aktivitet i fiske og fangst det komande året. D.v.s. personar som har fiske og fangst som hovudverv.

Personar som p.g.a. alder har trappa ned aktiviteten i fiske, som er uføretrygda eller som av andre grunnar ikkje fyller krava til å stå på blad B, vert førde på blad A.

Tab.1. Utviklinga i antal fiskarar i Herøy på blad B inndelt i aldersgrupper, og på blad A for åra 1986 til 1995 (tal frå fiskarmanntalet):

ÅR	BLAD B					Totalt	BLAD A	BLAD B og A Totalt
	< 21 år	21 - 30 år	31 - 40 år	41 - 50 år	> 50 år			
1986	70	235	149	103	119	676	91	767
1987	74	256	153	108	121	719	92	811
1988	101	241	157	107	107	713	93	806
1989	101	218	135	92	83	629	105	734
1990	51	253	120	95	97	618	126	744
1991	59	235	144	100	120	658	126	784
1992	66	203	128	98	117	612	84	692
1993	50	200	134	108	108	600	87	687
1994	30	174	141	100	103	548	88	636
1995	34	162	136	93	111	536	90	626

Utviklinga i antal yrkesaktive fiskarar i kommunen har vist ein fallande tendens siste 10-året. På slutten av 1980-talet var antal fiskarar betydeleg høgare enn i dag, og spesielt for aldersgruppa

under 30 år. Dette skuldast ulike forhold, men ei vesentleg årsak var stor aktivitet m.a. innan skjellskraping og anna havfiskeri. Innan aldersgruppa under 21 år var antal fiskarar i 1995 berre 1/3 samanlikna med 1988 og 1989.

Etter 1993 har krava for å kunne stå i manntalet vorte skjerpa. Dette har medverka til eit oppdatert og meir reellt manntal. Relativ få ungdomar som er under fiskerifaglig utdanning står i fiskarmanntalet. Desse vil kome inn etter endt utdanning. Før 1994 var det ikkje noko klar oppknytning mellom manntalet og fiskarpensjonsordninga. Imotsetning til no sto derfor dei fleste ungdomane i fiskarmanntalet under utdanninga.

Frå 1994 til 1995 har ein hatt ein nedgong på 12 fiskarar (2%) på blad B, medan antalet på blad A har gått ubetydeleg opp.

Gjennomsnittsalderen for fiskarane på blad B gått litt opp siste åra, og var ved utgongen av 1995 på vel 38 år. Knapt 37% av B-fiskarane i Herøy er 30 år eller yngre.

Rekrutteringa til fiskerinæringa i regionen følger stort sett tilbudet om arbeid ombord i fiskeflåta. Utviklinga i tilgong på nye fiskarar har vore ganske stabil siste åra.

Tab 2. Nytilmeldingar til fiskarmanntalet dei 5 siste åra:

1991	1992	1993	1994	1995
45	50	43	43	42

3.2. Sysselsetting i fiskeindustrien, redskapsindustrien og i oppdrettsnæringa.

I kommunen har vi 10 fiskeindustribedrifter. Innan redskapsindustrien har vi 2 notbøteri og 2 redskapsfabrikkar. Dessutan har vi 4 matfiskanlegg for laks og aure i sjø, 1 settefiskanlegg og 2 landanlegg for kveite og piggvar.

Tab. 3. Utvikling i sysselsetting (årsverk) innan fiskeindustri, redskapsindustri og oppdrett i åra 1990 til 1995(tal innhenta frå dei ulike bedriftene):

ÅR	FISKEINDUS.	REDSKAPSINDUS.	OPPDRETT	TOTALT
1990	228	60	25	313
1991	204	68	25	297
1992	209	95	24	328
1993	255	76	23	354
1994	282	82	23	387
1995	309	90	22	421

Sysselsettinga viser ein auke på knapt 9% i forhold til 1994. Dette skriv seg i første rekke frå fiskeindustrien, men også redskapsindustrien har hatt ein fin auke i antal årsverk. Antal sysselsatte ligg godt over 421 personar, då mange er tilsette på deltid i sesongane.

3.3. Anna sysselsetting:

Fiskerinæringa i kommunen er grunnlag for store ringverknader på land. Kontoret har ikkje gjort forsøk på kvantifisere anna sysselsetting med direkte eller indirekte tilknytning til fiskerinæringa.

Men det må vere heva over einkvar tvil at denne er betydeleg. Jamfør handelstanden, ulike utstyrssforretningar og ulike verksemder som yter service til fiskeflåten og fiskeindustrien.

Omfanget til fiskerinæringa i Herøy gjer at sysselsettingseffekten også er stor for nabokommunane og for andre strøk av landet.

4. 0. FISKEFLÅTA.

4. 1. Merkeregisteret

Siste åra har ein hatt ein tendens til noko endra flåtestruktur mot gjennomsnittleg litt større fartøy. Antal mindre fartøy under 10m går ned, mens antal fartøy over 10m går litt opp. Reduksjonen i antal mindre fartøy skriv seg i første rekke frå sletting av fartøy som ikkje har hatt aktivitet av betydning på fleire år.

I 1995 hadde vi ein netto total avgong på 17 merkeregistrerte fartøy. Dette fordeler seg med netto avgong på 20 fartøy under 10m, og ei auke på 3 fartøy over 10m.

Ved siste årsskifte var 38,1% av fiskeflåta i Herøy over 10m. Av desse var 36,2% over 35m. 82,2% av fartøya av fartøya er bygde etter 1970, medan berre 3,3% er bygd etter 1990.

Men det vart også solgt fleire aktive sjarkar under 10m ut av kommunen enn det som vart kjøpt inn.

For kjøp og salg av fartøy over 50 fot, må det søkjast om spesiell løyve. I løpet av meldingsåret var det 12 herøyrederi som søkte om utskiftningsløyve for kjøp av brukte fartøy eller nybygg.

Dette viser at det er stort ønske blant fiskebåtrederi i kommunen om fornying og vidareutvikling av fiskeflåta.

Den følgjande tabell viser status for fiskeflåta i Herøy kommune ved utgangen på 1995:

Tabell 4. Fiskeflåta i Herøy pr 31/12-1995:

Lengde	1994	1995			BYGGEÅR						
		Avgang	Tilgang	Tot. 1995	Før 1940	1940 - 50	1950 - 60	1960 - 70	1970 - 80	1980 - 90	Etter 1990
<10m	150	28	8	130	-	-	5	16	59	48	2
10 - 21m	45	3	4	46	-	-	2	2	10	28	4
21 - 35m	5	-	-	5	1	-	1	2	-	1	-
>35m	27	-	2	29	1	-	6	4	8	9	1
SUM	227	31	14	210	2	0	14	24	77	86	7

Kilde: Merkeregisteret

4. 2. Flåtesamansettning - konsesjonar/spesielle løvve.

I 1995 hadde flåta i Herøy fyljande konsesjonar/spesielle fiskeløyve:

Ringnot: -15 fartøy med gjennomsnittleg konsesjonskapasitet på 10.530 hl. Dette er det same som i 1994.

Reketrål: -5 fartøy som er 2 fleire enn i 1994.

Torsketrål: -1 fartøy som i 1994.

Bomtrål: -1 fartøy som i 1994.

Industritrål: -6 fartøy som i 1994.

Fartøykvote torsk: -40 fartøy. Dette er 2 færre enn i 1994.

Flåta i Herøy er breit samansett både når det gjeld fartøystorleik og i driftsform. Dei fleste viktigaste driftskategoriene i norsk fiskerinæring er representerte i herøyflåta. Det store innslaget av moderne havgåande fartøy innan ulike fiskeri, saman med ei oppgradert og moderne kystflåte, er med på å plassere Herøy blandt dei desidert største fiskerikommunane i landet.

4. 3. Fiskeriaktivitet.

Ringnot er den dominerande flåtegruppa i kommunen. Herøy og Austevoll er dei 2 største ringnotkommunane i landet. I Herøy har vi ca 15% av samlede ringnotfartøy i landet. Ringnotflåta i kommunen er moderne og oppgradert, og det ligg føre planar om ytterlegare opprustning gjennom nybygg og kjøp av nyare fartøy.

Ringnotflåta hadde eit svært godt år i 1995. Dette kan ein tilskrive eit svært godt makrell-og kolmulefiske. For rekeflåta var fisket ved Grønland og på Flamich Cap viktigast. Industritrålarane hadde det beste året nokon sinne.

Også innan dei andre flåtegruppene har vi ei moderne og oppgradert flåte. 1995 vart eit svært godt år for dei aller fleste driftsformer. Svakast resultat fekk sjarkflåten pga delvis sviktande vinterfiske etter torsk.

5. 0. FISKEINDUSTRIEN.

I kommunen er det totalt 10 anlegg for mottak og foredling av fisk. Vi har anlegg som driv med hermetikk, røykeri, mjøl-/oljeproduksjon, fryseri, lakseslakteri, konvensjonell produksjon, etc.

Fiskeindustrien i kommunen har totalt sett hatt ein sterk ekspansjon siste åra.

Mottaket av fisk i kommunen i 1995 var på ca 184.000 tonn til ein førstehandsverdi på over 420 mill kr inkl. slakting av laks. Dette er ein betydeleg auke i forhold til 1994 då kvantumet vart rekna til ca 170.000 tonn til ein førstehandsverdi på knapt 400 mill kr.

Auken har vore spesiell stor på fiskeslag som sild, makrell, sei og torsk.

Få andre næringar kan vise til tilnærma same vekst.

Omsetninga frå fiskeindustrien i 1995 var på bortimot 650 mill kr.

Fiskeindustrien i Herøy mottok i 1995 ca 27% av alt råstoff som vart landa i fylket. Pga. relativ stor andel oppmalingsråstoff representerer dette verdimesig knapt 16% (Sjå tabellane 5 og 6 på side 16 og 17 i årsmeldinga).

Fiskeindustrien har konkrete planar om ytterlegare utvikling og utviding. Imidlertid kan denne veksten verte hemma av vanskar med å framskaffe tilstrekkeleg nok kvalifisert arbeidskraft.

6. 0. RÅSTOFFSITUASJONEN - KVANTUM, FANGSTVERDI, LEVERANSE.

Herøyflåta hadde eit nytt toppår i 1995, og oppnådde eit resultat på vel 550 mill kr i førstehandsverdi (førebelts statistikk pr mars -96 frå Fiskeridirektoratet). Dette er det beste resultatet for herøyflåta nokon gong, og understrekar kommunen si solide stilling i fiskerisamanheng.

I 1995 fiska flåta frå Herøy meir enn 325.000 t. Av dette vart ca 35% levert i heimkommuna. Verdimessig representerte dette vel 40% av den totale førstehandsverdien for herøybåtane.

Herøybåtane sto for vel 21% av samla førstehandsverdi og vel 43% av samla fangstkvantum når ein ser heile flåta i Møre og Romsdal under eitt. Det at førstehandsverdien relativt sett er lavare enn fangstkvantumet, kjem av at store delar av kvantumet er oppmalingsråstoff frå sildesektoren.

Dei 2 fyljande tabellane frå Fiskeridirektoratet, viser flåta frå Herøy og flåta frå Møre og Romsdal sine leveringar "heime" og "borte", samt framandflåta sine leveringar i Herøy og i fylket - fordelt på fartøystorleik og fiskeslag:

HERØY FLÅTENS LEVERINGER HJEMME				FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG						ÅR 1995		
FARTØY STØRRELSE	ANT.FART. MED LEV.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.					
0 - 7.9 M.	26	57	385	--	--	--	--	2	43	59	428	
8 - 12.9 M.	112	1465	10084	--	--	1	2	1	298	1984	1765	12102
13 - 24.9 M.	12	627	4700	265	489	153	307	--	101	625	1145	6121
25 - 39.9 M.	8	1103	7169	777	756	9670	6256	--	132	778	11683	14959
40 M.OG OVER	20	7032	36790	18553	30120	71662	76476	1294	45452	374	5610	98915
UOPPGITT	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--
TOTALT	178	10285	59128	19595	31365	81486	83041	1295	45483	907	9040	113568
												228056

HERØY FLÅTENS LEVERINGER BORTE				FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG						ÅR 1995		
FARTØY STØRRELSE	ANT.FART. MED LEV.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.					
0 - 7.9 M.	12	22	163	--	--	--	--	0	11	22	174	
8 - 12.9 M.	94	510	3910	19	38	--	--	51	358	579	4306	
13 - 24.9 M.	12	538	4595	955	1319	716	1993	--	38	799	2247	8705
25 - 39.9 M.	9	4229	34046	5739	5477	38280	26174	481	7728	167	1839	48897
40 M.OG OVER	19	53	276	55787	94851	103384	124835	518	8620	264	5595	160007
UOPPGITT	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--
TOTALT	146	5352	42989	62499	101685	142380	153002	999	16348	521	8602	211752
												322626

FREMMED FLÅTENS LEVERINGER HERØY				FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG						ÅR 1995		
FARTØY STØRRELSE	ANT.FART. MED LEV.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.					
0 - 7.9 M.	9	11	67	--	--	--	--	1	3	11	70	
8 - 12.9 M.	105	318	2204	--	--	0	1	--	219	1815	537	4020
13 - 24.9 M.	76	854	5460	965	1441	653	1369	--	102	1268	2574	9538
25 - 39.9 M.	67	11027	52383	2639	3470	4469	4936	--	271	2853	18405	63641
40 M.OG OVER	80	5803	24663	21558	32879	18207	34302	--	500	3066	46068	94910
UOPPGITT	8	421	2430	--	--	--	--	--	20	311	441	2741
TOTALT	345	18433	87207	25162	37789	23330	40608	--	1112	9315	68037	174919

MENGEDETALL ER I RUND VEKT

Foreløpig statistikk pr. 960325

MØRE OG ROMSDA FLÅTENS LEVERINGER HJEMME

FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG

ÅR 1995

FARTØY STØRRELSE MED LEV.	ANT.FART. TONN 1000 KR.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD TONN 1000 KR.	BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.					
0 - 7.9 M.	308	1038	6692	--	2	--	88	1126	7325				
8 - 12.9 M.	665	9533	65968	857	1044	16	66	223	1640	10955	12054	78255	
13 - 24.9 M.	101	9012	61975	6606	10300	3147	7193	36	722	1136	9648	19938	89838
25 - 39.9 M.	77	64163	431391	8913	11668	18821	24430	--	--	6779	82023	98676	549512
40 M.OG OVER	64	108720	608822	62236	105143	128660	202915	5070	141786	8887	98037	313573	1156703
UOPPGITT	7	10	57	--	283	976	--	--	1	3	294	1036	
TOTALT	1222	192476	1174904	78612	128154	150928	235582	5115	142730	18531	201298	445661	1882669

MØRE OG ROMSDA FLÅTENS LEVERINGER BORTE

FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG

ÅR 1995

FARTØY STØRRELSE MED LEV.	ANT.FART. TONN 1000 KR.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD TONN 1000 KR.	BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.					
0 - 7.9 M.	29	68	499	--	--	--	--	10	62	78	561		
8 - 12.9 M.	212	2569	17903	938	1351	284	685	1	14	109	580	3900	20532
13 - 24.9 M.	83	8013	46125	9237	12777	1679	4903	3	55	98	1247	19030	65107
25 - 39.9 M.	70	17614	126297	16004	17981	50101	44075	665	10783	1805	14089	86190	213224
40 M.OG OVER	49	12844	70687	72570	116778	107195	109046	2109	47215	1486	13349	196204	357075
UOPPGITT	3	1	6	--	--	475	1136	--	--	0	8	476	1150
TOTALT	446	41108	261517	98750	148886	159734	159845	2778	58067	3509	29335	305879	657649

FREMMED FLÅTENS LEVERINGER MØRE OG ROMSDA FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG

ÅR 1995

FARTØY STØRRELSE MED LEV.	ANT.FART. TONN 1000 KR.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD TONN 1000 KR.	BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.					
0 - 7.9 M.	11	40	377	--	0	0	--	1	17	41	394		
8 - 12.9 M.	86	564	4275	396	511	8	34	--	118	964	1086	5784	
13 - 24.9 M.	118	4649	23664	4421	5835	4180	10696	0	1	135	1917	13385	42114
25 - 39.9 M.	81	25676	203520	10344	13912	13065	28651	--	--	1617	15068	50703	261150
40 M.OG OVER	90	14938	95124	61192	99601	75897	177102	--	--	1227	13111	153254	384939
UOPPGITT	37	784	4489	--	0	0	--	--	74	2213	858	6702	
TOTALT	423	46651	331449	76353	119860	93151	216484	0	1	3171	33289	219327	701083

MENGETTALL ER I RUND VEKT

Foreløpig statistikk pr. 960325

7.0. OPPDRETTSNÆRINGA.

I Herøy er det 4 anlegg i sjø for oppdrett av laks og aure. I tillegg har ein 2 landbaserte anlegg for oppdrett av kveite og piggvar. I tillegg har ein eit settefiskanlegg for laks og aure med konsesjon for 500.000 stk smolt.

Tab. 4. Produksjon og verdi i matfiskanlegga for laks og aure i Herøy kommune dei siste åra:

<u>ÅR</u>	<u>ANLEGG</u>	<u>ANTAL PRODUKSJON</u>	<u>VERDI</u>
		<u>TONN</u>	<u>MILL KR</u>
1990	4	948	26,0
1991	4	1.301	39,4
1992	4	876	27,2
1993	4	909	27,5
1994	4	1.057	32,0
1995	4	1.020	27,0

Kilde: Fiskeridirektoratet

1 av anlegga var under rehabilitering i 1995, og hadde soleis ikkje drift dette året. I 1995 var det ca 9 årsverk i desse anlegga, det same som i 1994.

I anlegget som driv smoltproduksjon var det god produksjon i 1995. Anlegget hadde 4 årsverk.

1 av dei landbaserte anlegga driv i liten målestokk med produksjon av piggvar.

Stolt Seafarm A/S sitt landbaserte kveiteanlegg på Mjølsteinneset har etter fleire år med pionerarbeid no kome godt i gong med kveiteoppdrett, og produksjonen var veksande i 1995. Det vart slakta ein del fisk ved anlegget i 1995. Firmaet har vore gjennom ei omfattande utbygging for å få større produksjonskapasitet. I meldingsåret hadde anlegget 8 tilsette.

Totalt var det ca 22 tilsette, i oppdrettsnæringa i kommunen i 1995.

8.0. SERVICE OVERFOR FISKERINÆRINGA.

Det er eit verft att i kommunen som driv med nybygging og reperasjon/vedlikehald av større fartøy. Det er fleire mindre verkstadar med og utan slipp som utfører oppdrag for den veksande sjarkflåta og fritidsflåta.

I Herøy Industripark i Tjørvåg har vi fleire firma som utviklar og produserer utstyr til fiskeflåta, fiskeindustrien og anna maritim verksemnd.

I Fosnavåg er det eit notbøteri med skipshandel. Dei har også service for redningsflåtar. På Eggensbønes er det og notbøteri. Der er det og opplagsplass og slipp for mindre båtar.

Det er 2 redskapsfabrikker i Herøy. Den eine med skipshandel. Fabrikkane er dei seinare åra mykje modernisert, og har eit vidt produktspekter som vert seld både i Norge og på eksportmarkeda.

I kommunen har vi mobile og stasjonære bunkersanlegg for fiskeflåten, og eit større isanlegg.

I kommunen har vi hatt ein relativ kontinuerleg prosess med utbygging og/eller opprustning av allereie eksisterande havneanlegg.

Utviklinga med stendig meir elektronisk og teknisk kompliserte apparat ombord i flåta set store krav til ettersyn, vedlikehald og nyinstallasjoner. Også på dette området har ein forretningar i Herøy som driv.

Den store fiskeflåta er ellers ein stor kunde på proviant, bunkers og anna utstyr til fiske som betyr mykje for handelstanden i Herøy.

Nokre få rederi har eigne kontor, men dei fleste kjøper regnskapstjeneste på etablerte regnskapskontor. Det største av desse er Skipsregnskap A/S som har regnskap og adminstrasjon for mange av båtane i kommunen.

Ved Herøy Videregående skule har ein fått i gong grunnkurs i Naturbruk. Det vert arbeidd for å vidareutbygge dette tilbudet til eit 3-årig løp. Ein har forventningar om at denne utdanninga skal virke positivt m.h.p. rekruttering og fagutdanning til både landsida og sjøsida i fiskerinæringa i kommunen.

Opplæringskontoret for fiske og sjøfart som vart etablert i 1994, er eit viktig bindeledd mellom skule og næringsliv for å sikre ei best mogeleg fagopplæring innan fiskeri og sjøfart.